



Bergen Byggtaksering as
Harald Hodneland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1875 - 15/31079

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

29.09.2015

Vedr. søknad om fritak frå TEK10 - gbnr 55/35 Bruvoll

Det vert vist til dykkar førespurnad datert 04.09.2015 med overskrift «Søknad om fritak frå TEK10».

Etter forarbeidene skal det svært mykje til for å frita frå tekniske krav, herunder energikrav og ventilasjon.

Dersom søknaden om fritak frå energikrav skal handsamast må det dokumenterast at vilkåra for fritak er stetta. Ved søknader om fritak frå energikrava, må det gjerast greie dei krav som er gitt i lov og forskrift og avvik frå desse. Det må oppgis U-verdi for dei ulike bygningsdelane, og verknadsgrad for eventuelle tekniske installasjoner. Avviket skal grunngis, og det skal gjerast greie for eventuelle kompensierende tiltak.

Det er ikkje tilstrekkeleg å frita frå energikrava i TEK med bakgrunn i opplysningen om at det vil «hyttene kun er i bruk i den varmeste tiden i året».

Det er ikkje tilstrekkeleg med ein uttale frå BBT Bergen Byggtaksering AS om at føretaket meiner at elektrisk avtrekk frå badetrom og kjøkken og spalteventiler i vinduskarmen «er tilpasset rommenes forurensnings- og fuktbelastning».

- Det er ikkje dokumentert at oppfyljing av krav til ventilasjon og energ i TEK vil medføre «uforholdsmessige kostnader».
- Det er ikkje dokumentert at fritak frå krav til ventilasjon og energi er «forsvarlig».
- Det er ikkje dokumentert at fritak frå krav til ventilasjon og energi er «nødvendig for å sikre hensiktsmessig bruk».

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 02.11.2015. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert dykkar førespurnad arkivert utan vidare handsaming.

Vi gjer merksam på at kommunen ikkje gir unntak for tekniske krav ved oppføring av nye bygg.

Med helsing

Tor Hegle

Benjamin Hicks

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



avdelingsleiar

rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bruvoll Camping

Hundvinveien 10 5956

HUNDVIN

Mottakarar:

Bergen Byggtaksering as
H&H Arkitektkontor

Søberggaten 3 3211

SANDEFJORD